

«MottakerNavn»  
«Kontakt»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Vår ref  
2023/596-10

Dykkar ref  
«Ref»

Saksbehandler  
Øyvind Pedersen

Dato  
24.04.2024

## Offentleg ettersyn og høyring - Reguleringsplan for Omondjordet massetak

Lom formannskap gjorde 23. april 2024 i sak PS 2024/23 vedtak om å legge forslag til detaljreguleringsplan for Omondjordet massetak med planid. 34340006 ut til offentlig ettersyn og høyring.

Planområdet ligg inntil og omfattar ein del av Meadalsvegen som er privat bomveg. Det har vore grustak innafor planområdet i ei årrekke som har vore avklart i kommuneplanen, men uttaket er ikkje tidlegare regulert. Planarbeidet har bakgrunn i ønske om vidare drift og utviding av areal for masseuttak i tilknytning til vedlikehald av veganlegget Meadalsvegen. Planforslaget er utarbeidd av Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar.

I samsvar med kommunestyrets vedtak av kommuneplanens arealdel 15.12.2022, vart massetaket ved Omondjordet M99 vidareført som ein del av kommuneplanen. Uttaket har til no vore drive på eigedomen Graffer, GID 26/1. Slik arealet no ligg i kommuneplanen inneberer det at uttaket vil kunne drivast vidare sørvestover innover inn på eigedomen Blakar, GID 35/1. Kommuneplanen stiller krav om utarbeiding av reguleringsplan for M99, og det er nedfelt i planføresegnene at det seinast innan to år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført, skal ligge føre forslag til detaljreguleringsplan for uttaksområdet for behandling i kommunen.

Forslaget til detaljreguleringsplan omfattar:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Forslag til planføresegner
- ROS-analyse
- Masseberekning

Desse dokumenta ligg som vedlegg, saman med sakspapir frå behandling i Samfunnsutvalet og Formannskapet (planutval). Ein viser til desse dokumenta.

Høyringsdokumenta kan ein og finne på kommunen si heimeside [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no). Kart og dokumenter er også tilgjengeleg på kommunens si kartinnsynsløysing. Dokumenta ligg dessutan tilgjennomsyn i papirversjon på kommunen sitt servicetorg og på biblioteket.

Høyringsbrev med vedlegg blir sendt grunneigarar tiltaket kan få følgjer for (heimelshavarar, heimelshavarar til naboeigedom og veglag), til statlege/regionale/ kommunale instansar og andre med interesse i planarbeidet.

Frist for å kome med uttalar til planforslaget er sett til **13. juni 2024**. Uttalar sendast Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 Lom, eller på e-post til: [postmottak@lom.kommune.no](mailto:postmottak@lom.kommune.no). Merk uttala med sak nr. 2023/596.

Spørsmål om reguleringsplanarbeidet, kan rettast til Felles plankontor for Lom og Skjåk kommunar v/Øyvind Pedersen, tlf. 47333678 eller på e-post: [oyvind.pedersen@lom.kommune.no](mailto:oyvind.pedersen@lom.kommune.no)

*Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur*

Med helsing

Øyvind Pedersen

Plan, byggesak og miljø

Vedlegg

- 1 Sakpapir vedtak om offentleg høyring RP Omondjordet
- 2 Planomtale RP Omondjordet 20240314
- 3 Plankart RP Omondjordet 20240314
- 4 Reguleringsføresegner RP Omondjordet 20240314
- 5 ROS RP Omondjordet 20240314
- 6 Masseberekning RP Omondjordet 20240314

<b>ADRESSELISTE:</b>			
<b>Namn</b>	<b>Adresse</b>	<b>Postnr</b>	<b>Poststed</b>
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
FJELLNETT AS	Postboks 160	2684	VÅGÅ
HANS MAGNAR BLAKAR	OTTADALSVEGEN 5897	2686	LOM
HANS MARTIN GRAFFER	MEADALSVEGEN 42	2685	GARMO
INNLANDET FYLKESKOMMUNE	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
NATURVERNFORBUNDET I SEL OG OTTADALEN v/NELLY B. K. EINSTULEN	SKÅRVANGSVEGEN 399	2680	VÅGÅ
NVE REGION ØST	Postboks 4223	2307	HAMAR
MEADALSVEGEN V/RAGNHILD SJURGARD	Flatmovegen 99	2686	LOM
STATSFORVALTEREN I INNLANDET	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
UNNI INGEGJERD ROSTAD EGGEN	OTTADALSVEGEN 5589	2686	LOM
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET	Postboks 368	2602	LILLEHAMMER